

Har bingopengar men manglar mannskap

06.03.2012



Håvard Eik - einaste ungdom i ungdomslaget (Foto. Ola Matti Mathisen)

Eit av dei mest tradisjonsrike laga i bygda - Uskedal Ungdomslag - er i den paradoksale situasjon at dei har pengar, men manglar folk, Rekneskapen for i fjor visar ei inntekt av bingo på 217 963 kroner og eit overskot på 132 695 kroner og bingodamene vert i årsmeldinga berømma for ein fantastisk jobb.

Men det er svært få medlemmer og før årsmøtet i Helgheim i kveld sat det berre 2 i styret. Likevel går laget vidare med ein stor opprusting av huset med hovudvekta på kjøkenet,



[Det møtte 9 på årsmøtet](#)

Berre Rigmor Rasmussen og Håvard Eik har vore i styret
Dei held fram som skrivar og leiar og Lovise Herland Sunde
som har ført rekneskapen blir no vald kasserar. Men styret er
framleis ope for andre. Ungdomslagshytta Fjelly har derimot eit styre på
4 - det er Randi M. Nybakk, Albert-Ove Nybakk, Odd Steinar Arnesen
og Janne Yri.

Ein som også vart berømma for god jobb var vaktmeister Knut Johannes
Ripel som saman med Lovise har jobba mykje med planlegginga av det nye
kjøkenet. No er prosjektet iferd med å bli sett ut i livet.. Laget har hatt eit
samla prosjektbudsjett på 770 000 kroner og meir enn halvparten av dette er
gjennomført og finansiert. Det gjeld nytt tak, nye vindauge, varmepumper,
branndører, maling, pussing av golv og elektrisk anlegg.

No står det att kjøken til 227 000 og elektrisk anlegg for 147 000 og til
sluttføringa håpar laget på 256 000 i spelemidlar medan berekna
eigenkapital er 80 000 og dugnadsinnsatsen 38 000. I kommunale midler blir
det no kalkulert med 150 000.

På utgiftssida merkar ein seg ein strøm- og varmeutgift på 68 000 som er
20 000 meir enn i fjer..Når bingoinntektene auka frå 53 480 året før til 217 000 i fjer
hadde det samanheng med at skulemusikken ikkje lenger deler inntektene
med ungdomslaget.

Helgheim blir mykje brukt, gjekk det fram av årsmeldinga. Det har vore linedans,
vanleg dans, bingo, barnediskotek, korøvingar, bursdagsefeiringar, barnedåp,
basar, julegrantening, og påskequiz, Kristian Bringedal konstaterte under årsmøtet
at Gamleskulen og Helgheim utfyllar kvarandre

Frammøtet til årsmøtet illustrerte situasjonen. 20-åringen Håvard Eik var den
einaste frammøtte ungdom av dei 9 som kom og årsmeldinga slutta slik:

- Så er det store spørsmålet om vi kan få inn litt nye krefter i laget i år.

Av Ola Matti Mathisen